

Jesus seier:

Be, så skal de få.
Leit, så skal de finna.
Bank på, så skal det latast opp for dykk.
For kvar den som bed, han får;
og den som leitar, han finn,
og den som bankar på,
skal det latast opp for.
Eller kven av dykk gjev son sin ein stein
når han bed om brød,
eller ein orm når han bed om fisk?
Når då de som er vonde,
veit å gje borna dykkar gode gåver,
kor mykje meir skal ikkje då
Far dykkar i himmelen
gje gode gåver til dei som bed han!

Matteus 7,7-11

Jesus seier:

Som Far har elska meg,
har eg elska dykk. Ver i min kjærleik!
Held de boda mine, er de i min kjærleik,
slik eg har halde boda til Far min
og er i hans kjærleik.
Dette har eg tala til dykk
så mi glede kan vera i dykk
og gleda dykkar kan bli fullkomen.
Og dette er bodet mitt: De skal elska
kvarandre som eg har elska dykk.
Ingen har større kjærleik enn den
som gjev livet sitt for venene sine.

Johannes 15, 9–13



www.bibel.no

Vær med å gi Bibelen videre

Gavekonto: 3000.16.16869

Postboks 6624 St. Olavs plass, 0129 Oslo
Telefon 47 97 64 70 E-post: post@bibel.no

FADERVÅR

Jesus seier:

Lat ikkje hjartet dykkar uroast!
Tru på Gud og tru på meg!
I huset til Far min er det mange rom..

Johannes 14,1-2

Sjå kor stor kjærleik Far har synt oss:
Vi får kallast Guds born – ja, vi er det!

Johannes' første brev 3,1

For så seier Herren:

Som ei mor trøystar barnet sitt,
slik vil eg trøysta dykk.

Jesaja 66,12-13

Kan ei kvinne gløyma sitt diande barn,
ei omsorgsfull mor det barnet ho bar?
Sjølv om dei skulle gløyma,
skal ikkje eg gløyma deg.

Sjå, eg har teikna deg i hendene mine.

Jesaja 49,15-16

Vår Far i *himmelen!*
Lat namnet ditt *helgast*.

Lat riket ditt *koma*.
Lat *viljen* din råda på *jorda*
slik som i *himmelen*.

Gjev oss i dag vårt daglege **brød**,

og **tilgjev** oss vår skuld,
slik vi òg **tilgjev** våre skuldnarar.

Og lat oss ikkje koma i *freisting*,
men **frels** oss frå det vonde.
For riket er ditt og makta og **æra**
i all **æve**.
Amen.

Matteus 6,9-13

Som ein far er mild med sine born,
er Herren mild med dei som fryktar han.

Salme 103,13

Jesus seier:

Men når du vil be,
gå då inn på rommet ditt
og lat att døra
og be til Far din som er i det løynde.
Og Far din, som ser i det løynde,
skal løna deg.
(...) Far dykkar veit kva de treng,
før de bed han om det.

Matteus 6,6-8